

Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

76. ÅRG. / NR. 3 - 2022 / kyrkja.no/vaksdal



Bibeltimar på Vaksdal
Side 5

Fargerik undring
Side 6-7

For dei yngste side 8-11

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14**Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærar Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanntida og Kyrkjebladet finn du på www.vaksdal.kyrkja.no

GATEADRESSER:**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Sørlandsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34**VIPPS**

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111

**Stoff til neste nummer må vera kome inn til 9. november.**

Bilete på framsida: Dale kyrkje sett frå lufta.

Foto: Lars Ørjan Nese / Nese Media

Haust

Ein haust som på mange måtar har vore finare og varmare en heile sumaren. Det er jo typisk at det skin opp når eg er ferdig med ferien. Men, men vêret får me ikkje gjort noko med. For mange av oss er hausten synonymt med å bretta opp armene og begynne å jobba igjen. Hausten er liksom årets andre akt. Ei akt som startar opp etter ein god lang pause. Det er ikkje det at alt dør og er slutt på, det er ein ny fase. No kan eg få gjort alt eg ikkje fekk gjort før sumaren!

Eg trur eigentleg at alle likar hausten. Det er ei flott årstid, spesielt når haustfargane begynner å komma. Fyrst i fjellet, og so nedover fjellsidene. Hjorten forresten, eg trur ikkje den liker hausten, det er ei særdeles dårleg årstid å vera hjort på. Men alle andre, dei likar hausten, trur eg

Bær, frukt, grønnsaker klare for innhøsting. Kaldt om morgon, men enno så varmt utpå dagen, at t-skjorte og shorts er greitt å bruka. Me har forresten starta som potebønder, so det å grava opp pote til middagen frå egen hage, er faktisk ei stor glede i seg sjølv.

På kyrkjekontoret er alle tilsette tilbake, og me er i full gong med det som ser ut til å bli eit normalår. Kor, Babysong, Gudstener, Orgelundervisning, konsertar osv. Her er det nok å ta seg til. Me gler oss over at me no endeleg kan sjå kvarandre i augo, handhelsa, og til og med gje ein klem til nokon du ikkje har sett på lenge.

Eg reknar med at denne hausten ender vel med at eg lager ei liste, over alt som eg ikkje fekk gjort, og bestemmer meg for å ta det att til våren...

Bjart-Magnus N Rosvold**Fellesrådsleiar:**

Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25 / e-post: lars.patterson@vetlejord.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen: Anne Hilde Fosse Osvald (mellombels) 95 10 03 27

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Jarand Brørvik (mellombels), tlf. 99 36 39 51

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale, tlf. 99 26 81 28

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no**Björgvin bispedømme si heimeside:** www.kyrkja.no/bjorgvin**Bibelen på nett:** www.bibel.no**KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal**Grafisk utforming:** Vaksdalposten**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:** Bodoni AS, avd. Hardanger, Øystese. Tlf. 46 63 09 33**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 DalekvamKyrkjebladet frå 2002 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal



FELLESSKAP MED ROM FOR ALLE!

Når denne andakten skal skrivast står søndagen med namnet Vingardssøndagen for døra. Vingardar er me lite vante med her nord, sjølv om klimaendringane visstnok gjer vinproduksjon meir sannsynleg her og i framtida.

Denne søndagen gjeld likevel ikkje vinproduksjon i seg sjølv. Bodskapet gjeld heller ikkje berre den søndagen, men heile året. Og bodskapet gjeld ikkje berre nokre få - men alle.

Evangelisten Matteus formidlar, i kapittel 20, ei likning som Jesus fortel. Ho handlar om jordeigaren som går ut på torget for å få tak i arbeidarar til vingarden sin. Dette hender fleire gonger utover dagen, og stadig fleire menneske får seg arbeid. Så kan me tenkje oss at desse arbeidarane ville spørje seg sjølv: Kan eg ta denne jobben? Får eg vere med i arbeidarflokket? Passar eg inn blant dei? Og svaret er ja! I alle høve frå arbeidsgjevaren si side. Så alle vert sette i arbeid i denne likninga.

No i september har me hatt framsyninga og utstillinga PRELUDIUM 2 i Dale kyrkje. Les gjerne meir om dette ein annan stad i Kyrkjebladet. For meg har dette kunstprosjektet vore i sterk og god påminning om at det er plass til alle i kyrkja. Me er ulike i fom og farge og på andre vis, men samstundes har me mykje felles. Saman utgjer me eit vakkert og fargerikt fellesskap, og saman utfyller me kvarandre.

Det er som med kroppen vår: Han er sett saman av mange ulike delar, som har mange ulike oppgåver. Men saman utgjer delane ein heilskap! Og det er som med treet: Det har mange greiner, og dei sprikar i ulike retningar. Men dei høyrer saman!

Arbeidet i vingarden var nok ganske einsformig. Arbeidet i kyrkja - i Guds rike - er ikkje det, men mangfaldig og samansett slik som fellesskapet vårt er.

I Noreg markerer me Frivilligåret 2022 i år. Frivillige medarbeidarar trengs over alt, i idrett og kultur, sosialt arbeid - og altså i kyrkja. Og i haust tenkjer me å feire alle dei frivillige i kyrkja i Vaksdal med ein fest!

Det finst nok dei iblant oss som ikkje vågar å engasjere seg i kyrkja. Kan hende vågar dei ikkje fordi dei ikkje kjenner seg gode nok eller aksepterte som menneske. Eller fordi dei ikkje trur dei har og kan noko som kyrkja treng. Og sant nok: Det skal noko til å finne oppgåver viss alle melder seg! Men den utfordringa skal me heller ta imot.

For i Guds rike - og i vårt fellesskap i Vaksdal - er det plass for alle som vil vere med. Så no er det kan hende din tur til å rekkje opp handa eller melde deg som medarbeidar?

Velkomen i fellesskapet!

Med venleg helsing Frode Kvamsøe

Vel møtt i kyrkja i konfirmantrommet!

Kaffen og teen er klar
måndagar frå kl 12.00 til 13.30



- Sit du heime åleine?
- Har du gått deg ein tur i Lia eller på Bogavegen?
- Hadde det vore kjekt med en føremiddagsprat?
- Kjem du saman med nokon?
- Har du teke turen til Senteret frå øvst i Flordalen eller ytst på Bogo, frå inst på Tveitane eller inst i Sædalen?

Da kan det jo smaka godt med ein koppe kaffi eller te.

Vel møtt til ope og uformell pratetund!

Vaksdal sokneråd

Vi er her.
Alltid.

22 40 00 40
kirkens-sos.no



KYRKJA I VAKSDAL



- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- BABYSONG, SMÅBORNSONG OG KNØTTESONG I VAKSDAL
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE
- DALE KYRKJE
- NESHEIM KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er genererte av andre, til dømes Facebook sjølv.

Min salme

Det er så mange gode og fine salmar og songar at det kan vere utfordrande å plukke ut ein. Eg har valt ein song frå Sangboken med litt tyngde i.

Det er Vidar Kristensen som har skriva han, og han er nr 263 i Sangboken.

Denne songen seier mykje om vår situasjon – dom og frikjenning

Sangboken nr 263

Norsk salmebok nr. 359


Tekst: Vidar Kristensen 1971

Melodi: Svensk folketone

1 *Jeg har en venn som har gitt sitt liv,
for at jeg skal få leve.
Det finnes intet alternativ,
det nytter ikke å streve.
Fordi jeg lever så milevidt
ifra Guds vilje med livet mitt,
fikk jeg dommen, slik lød den:
Du skal dømmes til døden!*

2 *Denne dommen er absolutt,
og jeg kan ikke anke.
Men når jeg innser at alt er slutt,
har Gud en frelsende tane:
Til jorden sender han Jesus som
tar på seg både min skyld og dom,
og når han drepes uskyldig,
blir min min dødsdom ugyldig.*

3 *Tenk, jeg skal ikke dø fordi
Jesus døde i stedet.
Min angst for døden er nå forbi,
den er byttet med glede.
Ja, Jesus, hjelp meg klart å forstå
at det livet jeg lever nå,
det er ditt liv alene,
det er deg jeg skal tjene.*



Bibeltimar i Vaksdal kyrkje

- Undervisningssamlingar for vaksne -

Sokneprest Edvard Bø vil i haust halde ein serie på tre bibeltimar i Vaksdal kyrkje. Dette er tenkt som kyrkjeleg undervisning for vaksne. Sjølv sagt kan og yngre koma om dei ynskjer, men opplegget vil ikkje vere tilrettelagt for born og unge.

Me vil ta utgangspunkt i Efesarbrevet, og fokusere på tre tema:

Tysdag 20. september kl. 19.00 - 20.30: AV NÅDE ER DE FRELSTE

Tysdag 18. oktober kl. 19.00 - 20.30: EIN KROPP

Tysdag 15. november kl. 19.00 - 20.30: GUDS RUSTNING

Opplegget vil vere ein undervisningsdel ved prest-en over dagens tema. Så vil det vere ein kaffikopp og høve til samtale. Etter som kor mange som kjem, vil me sjå om alt er i plenum, eller om me deler opp i grupper. Forøvrig er desse samlingane opne. Det trengst ikkje påmelding, og det er berre fint om de kjem nokon frå andre deler av

kommunen. Om nokon ikkje heilt veit om dei trur på Bibelen, eller er usikker på om dei kan kalle seg kristen, så er dette ein stad for å verte litt meir kjent med kva Bibelen og den kristne budskapet handlar om.

Nokon vil vere godt kjent med bibellesing frå før; andre kanskje ikkje. Her det berre å kome slik ein er utan

at det skal vere noko press.

Det har vært uttrykt eit sagn når det gjeld å fordjupe seg i deler av Bibelen. Dette er eit forsøk på å dekke eit slikt behov. Særskilt på første samlinga vil me og sjå litt breiare på brevlitteraturen i det Nye Testamentet. Det er fint om dei som kjem tek med seg sine eigne biblar. Kvar samling vil

elles stå for seg sjølv i tematikken. Difor er det ikkje naudsynt å kome på alle tre samlingane om ein ikkje kan, men det vil vere ein raud tråd gjennom det heile knytt til samanhengen i dette brevet i Bibelen.

VELKOMEN TIL BIBEL-SAMLINGANE I HAUST!

Edvard Bø



Skjer i kirken

Skjer i kirken er Den norske kyrkja sin nasjonale arrangementsportal. Her ligg kyrkja sine arrangement over hele landet. Med denne tenesta kan du enkelt finne arrangement som passar for deg, der du er: www.skjerikirken.no

DÅRLEG KYRKJESOMMAR!

Av dei sju ute-gudstenestene som var planlagt i sommar var det berre to som var gjennomførte. Det var i Skipshelleren på Helgetorsdag og på Leiro på Olsok. Dei andre vart flytta innandørs grunna dårlege ver-meldingar, og vart anten haldne i soknet si kyrkje eller som i Bergsdalen: I lavvoen på Småbrekke.



Ut plassering: Nærare fem hundre gjenstandar i glas vart sett ut.

Foto: Pavana Reid

Fargerik undring i Dale kyrkje

I september var Dale kyrkje stengt i ti dagar for å gje rom til prosjektet Preludium 2.

Dei fyrste tre dagane var det ein performance der vasar og skåler og liknande i glas vart plassert ut i midtgangen og koret i kyrkja. Desse var fylte med vatn, og siste dagen vart dei fylte med farge. Den komande veka sto dette framme som ei utstilling. Kunstnaren bak dette prosjektet er Daleguten Kurt Johannessen.

Han er ein internasjonalt kjend performance-kunstnar som no bur i Bergen. Han har halde på som kunstnar i omlag 40 år. Som ein del av opplegget var det ein kveld ein samtale mellom Kurt og historikaren Gunnar Danbolt. Og prosjektet vart avslutta med ein finissage søndag ettermiddag. Prosjektet skal bli til ei bok som etter planen skal kome ut på nyåret. Der vil også fotografen - og Dale-jenta - Monica Takvam bidra med sine bilete. Det var Dale



Ut plassering: Nærare fem hundre gjenstandar i glas vart sett ut.

Foto: Pavana Reid

sokneråd som spurte Johannessen om han kunne tenkje seg å lage til noko i Dale kyrkje.

Kva tenkte du då du vart spurt om dette?

- Ja! tenkte eg, seier Kurt Johannessen. - Det syntest eg var ein frisk og hyggeleg førespurnad. Eg tenkte vidare på kva eg skulle gjere. Eg arbeidar mykje stad-spesifikt, der eg komponerar handlingar eller installasjonar i høvet til rommet. Rom-

met er kyrkja, men og staden Dale, som er der eg vaks opp. Eg tenkte litt på det Preludium 1 som eg hadde i ei kyrkje i Munchen i 2005, og korleis eg skulle arbeide i høve til staden Dale. Så kom ideen om å innbydalingane i prosjektet, gjennom å be dei låne meg ein vase eller ei skål til performansen og utstillinga.

- Somme gonger tek eg sjølv initiativ til eit prosjekt, andre gonger vert eg

spurt om å gjere noko. Preludium 2 er eit av dei største prosjekta eg har hatt.

- Eg var litt optimistisk i starten, for planen var å gå på alle dørene på Dale. Det byrja eg med, saman med fleire medhjelparar, men det vart veldig tidkrevjande, og eg klarte det nesten. Det var likevel veldig fint å kome i snakk med dei eg møtte. Dei fleste var veldig positive til prosjektet. Eg møtte mange eg kjenner frå gammalt av. Mellom dei er mange fotballvener frå den tida eg spela fotball i Dale IL. Fotball spela eg til eg var 21 år, og eg var med på A-laget til Dale fram til eg slutta.

Du gjekk sakte fram og attende i kyrkja, og plasserte - og seinare sette farge til - nærare fem hundre gjenstandar breiddfulle med vatn. Kva går føre seg inne i hovudet ditt når du held på med dette?

- Eg er veldig konsentrert



Performance: Kunstnaren Kurt Johannessen.

Foto: Anita Johansen

på handlinga, og freistar å finne rytmen i det eg held på med. Det er materialet, objekta og rommet som bestemmer rørselene og korleis eg skal gå inn i situasjonen. Så her er det meir glasvasane og vatnet og kyrkja som bestemmer. Eg er på eit vis meir oppteke av å ikkje bestemma enn det å bestemma.

Dette skjer i ei kyrkje. Kva er ditt forhold til det religiøse og kristen tru?

- Eg er konfirmert her i Dale kyrkje. Seinare har eg meldt meg ut av Den norske kyrkja. Men eg har alltid vore spørjande om «kva er gud?». Eg er oppteken av å ikkje halde med eller binde meg noko særskild som til dømes den kristne trua, men heller vere open og søkjande i altet. Tidleg bestemte eg meg for å arbeide mykje med natur. Det er noko eg har halde på, men naturomgrepet har nok endra seg for meg med tida.

Kurt fortel at han er oppteken av altet og å arbeida med det, og laga ein visuell/filosofisk/vitskapleg/humoristisk bokserie «Om-noko» i åra 2013 til 2020.

- Utan at eg heilt skjønna det i byrjinga, så spurde eg «kva er?». Litt seinare fann eg at spørsmålet er meir kva hender? Her passar det med ein liten tekst frå boka «Andre andre andre øvingar» frå 2015. Hopp så høgt opp du kan. Tenk at du ikkje er den som hoppar opp, men at du er hoppet. Om du landar, tenk at du ikkje er den

som landar, men at du er landinga.

Kva vil du formidle med kunsten din?

Det er ikkje så lett å svare på eit slikt spørsmål, men eg tenkjer at det å arbeide med kunst er som å uavbrote prøve å gå inn i rom eg ikkje har vore i før. Etter kvart lærer ein seg å sette pris på det å ikkje forstå, samstundes som ein tileignar seg erfaring. Eg er oppteke av å vere i kunsten, å finne noko gjennom handling, meir enn å prøve bestemme kvar eg skal. På mange vis prøver eg å lagespørsmål og undring for meg sjølv, og om eg er heldig er det andre som kan finne desse spørsmåla interessant og fin sin veg inn i dei, tørr å gå inn i nokre av desse ukjende romma.

Tekst: Frode Kvamsøe

FAKTA:

- **Preludium 2:**
Performance/utstilling
Dale kyrkje 2.-11. september 2022
Tal på skåler og vasar og liknande.: 493
Tal på vitjarar: Ca 400
- **Kurt Johannessen:**
Kunstnar/forfattar
Fødd 1960, vaks opp på Dale
Heimeside: zeth.no
- **Gunnar Danbolt:**
Kunsthistorikar.
Fødd i 1940, er frå Bergen
- **Performance (frå engelsk):**
Framsying
- **Finissage:**
Avslutning av ei framsying

TO MINNE- GUDSTENESTER I ÅR

I år vert det to minnegudstenester for dei som har hatt kyrkjeleg gravferd/bisetjing i Vaksdal.

**Helgemessesøndag
6. november kl. 16.00**

i Dale kyrkje: Minnegudsteneste for dei som vart gravlagt i Bergsdalen, Dale og Vaksdal sokn det siste året.

**Nyårsaftan 31. desember
kl. 15.00 i Stamnes**

kyrkje: Minnegudsteneste for dei som vart gravlagt i Eksingedalen, Nesheim og Stamnes sokn det siste året.

Det kjem brev med innbyding til desse gudstenestene. Den som formelt står ansvarleg for gravferda/bisetjinga får brevet, og deler informasjonen med dei andre. I desse gudstenestene les ein namna til dei som er gravlagde/bisette det siste året samt tenner eit lys for dei.

Minnegudstenestene er òg opne for alle som elles vil koma.

FLYGEL I VAKSDAL KYRKJE


Flygelet er på plass! No manglar berre finansieringa - sjå eigen annonse. Takk til Tone Synnøve Ø. Steinkopf som bad om gåve til flygelet i samband med 50-årsdagen sin! Ho arrangerte ein konsert søndag 14. august, og i samband med den konserten kom det inn kr 2.150 i kontantar og kr 18.350 via Vipps same dag og dagen etter.

vegen
VAKSDAL KYRKJANG

KVA HAR SKJEDD på Veggen SIDAN SIST?



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvstøtt livs- og trusveggen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Følg Veggen i Vaksdal på Facebook! 

Skulevegensamlingar på Vaksdal, Dale og Stamnes

Kyrkja er ofte ein stad folk kjem til i viktige overgongar i livet, og me tenkjer at skulestart òg er ein slik viktig overgong, både for nye fyrsteklassingar og foreldre. Difor er det mange kyrkjelydar som inviterer til markering av skulestart for fyrsteklassingar, og det har me gjort i kyrkjene i Vaksdal òg i nokre år. I år var det slike gudstenester på Dale 14. august, Vaksdal 21. august

og Stamnes 11. september. Borna fekk kvar sine gaver, bøker og utstyr til skulestart, i tillegg til at dei fekk perla armband eller teikna på kvite pennalhus etterpå. Me hadde bønnevandring med moglegheit til å tenne lys, henga opp hjarte på greiner, og å få ei perle som skulle minna ein om at ein er verdifull. Fine sundagar saman med kjekke born!



Skulevegensamlingar: Seksåringar på Vaksdal.



Skulevegensamlingar: Seksåringar på Dale.



Etter skuletid: Etter skuletid på Vaksdal.

«Superonsdag» på Vaksdal

I haust legg me opp til «superonsdagar» vekselvis på Dale og Vaksdal, der me har til saman fire samlingar for ulike alderstrinn i løpet av ein dag. I skrivande stund har me akkurat hatt fyrste slike onsdag på Vaksdal, og det vart ein gøy og innhaldsrik dag! Me starta med Baby- og småbornssong

for born 0-2 år, der tre babyar med foreldre fekk oppleva ei sanserik samling – og fekk seg ein god dupp ettepå. Det siste gjaldt babyane, forresten. Så var det nyskapinga Etter skuletid for 5.-7. trinn, som er mest tenkt som ein trygg stad å vera saman etter skulen. Borna fekk pølser og spelte og

leika i og rundt kyrkja.

På ettermiddagen var det Knøttesong for 2-5 åringar med song og leik og matstund etterpå, før me runda av med Onsdagsklubb for 1.-4.trinn. Onsdagsklubb er òg noko heilt nytt, og me jobbar framleis med å finna ut innhaldet. Det vert nok ein kombinasjon

av ei lita forteljing/songstund, leik og spel og hobbyaktivitetar. Denne fyrste dagen enda me opp med å bretta papirfly som me sende ut i kyrkjerommet frå galleriet, før me tente lys og song velsigninga som ei avslutning. Ein hektisk, men kjekk dag med mange fine menneskemøte!

Kva skjer på veggen framover?



ONSDAGAR FRÅ 7. SEPTEMBER

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

0-2 år

I haust vert det baby- og småbornssong vekselvis på Dale (oddetalsveker) og Vaksdal (partalsveker) på **onsdagar kl.11.30-13.30**. Me startar opp onsdag 7. september i Vaksdal kyrkje fyrst, og heldt fram med samling i Dale bedehus onsdagen etterpå. Slik heldt det fram, med nokre unntak som vert annonserte, med mindre me får vikar. Sjølv songstunda byrjar ca klokka 12, og før og etter er det prat, mat og leik. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne! Følg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Normann.



ONSDAGAR FRÅ 7. SEPTEMBER

Knøttesong på Dale og Vaksdal

2-5 år

Knøttesong for born 2-5 år vert òg annakvar onsdag på Dale (oddetalsveker) og Vaksdal (partalsveker), klokka 17-18. Om ein ynskjer, kan ein koma med born som er 1-2 år òg! Me syng og leikar, og et litt etterpå. Me har drikke og frukt, ta gjerne med niste om de ynskjer å eta kvelds saman med oss. Følg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Normann.

ONSDAGAR FRÅ 7. SEPTEMBER

Etter skuletid på Dale og Vaksdal

5.-7. trinn

NYTT!

Etter skuletid er noko heilt nytt som me prøver ut i haust! Det er samlingar rett etter at skulen er ferdig, **14-15.30**, for borna på mellomtrinnet. Me tenkjer det mest som ein uformell møtestad etter skuletid, der borna får enkel varmmat (oftast pølse i brød) og kan spela spel eller gjera ulike hobbyaktivitetar. Me kjem til å ha ei lita samling med forteljing, prat og song i starten, og borna kan koma og gå slik det passar dei. Som fleire andre samlingar vert det vekselvis i Dale bedehus (oddetalsveker) og Vaksdal kyrkje (partalsveker), med oppstart på Vaksdal 7. september.

ONSDAGAR FRÅ 7. SEPTEMBER

Onsdagsklubb på Dale og Vaksdal

1.-4. trinn

NYTT!

Endå ein ny ting i haust, er onsdagsklubb for småtrinnet **klokka 18-19!** Her vert det òg «litt av kvart», av forteljing, song, leik, mat og hobby. Me ser kva som skjer frå gong til gong, rett og slett! Borna får vera med og bestemma aktivitetane me gjer, så dette kan bli spennande. Også dette vert vekselvis i Dale bedehus (oddetalsveker) og Vaksdal kyrkje (partalsveker), med oppstart på Vaksdal 7. september.

EIN TORSDAG I MÅNADEN FRÅ 8. SEPTEMBER

Baby- og småbornssong på Stamnes

0-4 år

Også i haust vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-4 år på Stamnes. På Stamnes samlast me i bedehuskjellaren mellom **kl. 10 og 12** ein torsdag i månaden, desse datoane: 6. oktober, 3. november og 1. desember. Fyrst er det songsamling, deretter er det ein lett lunsj, me har varm drikke, ta gjerne med niste.

TORSDAGAR FRÅ 15. SEPTEMBER

Barnekor på Stamnes

4+ år

Det vert òg barnekor på Stamnes som tidlegare. Dei brukar å ha korøving i Stamnes bedehus torsdagar kl 17-18, og startar opp 15. september. Nytt av året er at det er Kristin Straume Normann som tar over etter Martha Lise Handal Langeland, og skal leia koret. Me takkar Martha Lise for den gode jobben ho har gjort! Elles er det med fleire kjekke vaksenleiarar som har vore med i korarbeidet lenge. Interesserte kan vera med i facebook-gruppa «Stamnes Barnekor» for å få oppdatert info.

5.-6. NOVEMBER

Tårnagenthelg i Eksingedalen

1.-5. trinn

Endeleg skal me gjera noko me har tenkt på lenge! Det vert tårnagenthelg i Eksingedalen og Nesheim kyrkje, helga 5.-6. november, for 1.-5. trinn som bur i Eksingedalen og heilt ned til Eidsland. Me startar i Eksingedalen kyrkje laurdagen, og dei som vil kan overnatta der til sundagen, før me køyrer til Nesheim kyrkje for å vera med på gudsteneste der sundagen. Me får altså utforska heile to kyrkjer i løpet av helga, og skal løysa spennande oppdrag. Dette kan bli kjekt!

13. NOVEMBER

Utdeling av Nytestamentet på Stamnes og Vaksdal

10 år

Tiåringane på Stamnes og Vaksdal skal som vanleg få Nytestamentet i haust. På Stamnes skjer det på gudstenesta den 10. november klokka 16, og på Vaksdal vert tiåringane invitert til å få bøkene under gudstenesta 10. november klokka 11. På Dale og i Eksingedalen vert Nytestamentet delt ut etter jul.



FRÅ 13. NOVEMBER

Samlingar og utdeling av bok

4 år

Fireåringane vert inviterte til to ting i haust. Både ei gudsteneste der dei får fireårsboka, og så til ei eller to samlingar der me syng litt og lagar kvar sin julekalender. Datoane for samlingane er ikkje bestemt endå, men gudstenestene med utdeling av boka vert slik: Eksingedalen 6. november, Stamnes 13. november, Vaksdal 13. november og Dale 13. november.





TANKAR FRÅ TRUSOPPLÆRAREN

Når eg skriv dette, har eg nett hatt ein travel dag med stabsmøte med kollegaar på kyrkjekontoret fyrst, og så fire samlingar med ulike alderstrinn på Vaksdal fortløpande heilt til det blei kveld. På førehand frykta eg at dagen skulle bli svært krevjande. Eg stressa med om eg hadde planlagt godt nok, om eg hadde planlagt med info om samlingane, om det kom til å koma nokon i det heile tatt og om mi post-sjuka stemme kom til å halda gjenom det heile.



Eg snakka med ei venninne dagen før, og sa til ho alt eg stressa med, og at eg vurderte å avlysa alt. Ho ba meg revurdere. Prøva. Stola på at Gud var med i det eg gjorde, og at slik det blei, var slik det skulle bli. Så eg prøvde å svelga ned stressklumpen i halsen, og gjera det beste utav det.

Stresset viste seg nok ein gong å vere ubegrunna. Det kom passeleg mange på alle samlingane. Mange nok til at det var ein gjeng, få nok til at eg fekk sett

kvar og ein. Der ting ikkje var heilt planlagt, var me kreative og fann på ting undervegs. Og stemma mi heldt gjennom heile dagen.

No kom eg til å tenkja på mormor sine ord. Ho sa mykje klokt, ho der dama. Ei av tinga ho sa i uoversiktlege periodar var «Det legg seg til rette», og meinte at Gud var med og gjorde slik at mykje ordna seg heilt av seg sjølv. Jammen fekk ho rett denne gongen òg.

Kristin

KONSERTAR EKSINGEDALEN



Laurdag 22. oktober
i Eksingedalen kyrkje

Arven.

Songkveld med songar

og dikt med lokal tilknytning.

Klokkeslett og meir informasjon kjem.



Fredag 19. november kl 19.30
i Nesheim kyrkje

Konsert til inntekt for barneskulen
Kely Mandresy på Madagaskar.

I år vil Vossagospel bidra på denne konserten!



Døype barnet - eller bli døypt sjølv?

Ver velkomen til dåp!

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20

Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam

Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale

Heimeside: www.vaksdal.kyrkja.no

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde, og kunne sende innbyding til dåp. No får me ikkje den informasjonen, og kan difor ikkje sende innbyding til dåp direkte.



BARNAS SIDE


Finn namn på 10 fiskeslag!

I rutenettet har vi gøymt namna på 10 vanlege norske fiskeslag. Namna står frå venstre mot høgre eller nedover. Finn du alle?

K	Å	H	O	I	G	A	N	D	U
O	Q	Y	K	V	E	I	T	E	M
W	E	S	S	L	I	N	G	O	S
S	T	E	I	N	B	I	T	A	K
E	A	R	L	Y	D	A	O	T	A
I	S	O	D	P	Ø	R	R	E	T
D	S	R	U	L	P	A	S	T	E
I	M	A	K	Y	L	A	K	S	I
P	I	R	O	S	Å	F	F	U	S
M	A	K	R	E	L	L	U	S	K
O	S	T	H	O	S	T	E	R	Ø

Fargelegg!

Broren til Marta og Maria var død. Men Jesus vekka Lazarus opp frå dei døde. (Teikning: Chiara Bertelli)



Finn fem feil

De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Chiara Bertelli)



Gje barnebladet
BARNAS til eit
barn du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



50-års konfirmant

Eg har i mange år halde gudsteneste for 50-årskonfirmantar. Det er ein fin tradisjon. No er eg sjølv kome i den alderen. Eg tykte eg kunne skrive nokre refleksjonar om det til kyrkjebladet.

Eg er oppvaksen i Bergen og budde i ungdomsåra i Fyllingsdalen. Så vidt eg veit har dei ikkje markering for 50-års konfirmantar i byen. Me var 150 ungdommar frå Fyllingsdalen som vart konfirmerte på to gudstenester den 7. mai 1972. Kyrkjelyden leigde St. Markus på Løvtakksiden til konfirmasjonsgudstene- nestene.

Det var ikkje så vanleg på den tida, å ha bunad til konfirmasjonen. Jentene hadde fine lårkorte kjolar, og gutane stilte i dress. På den tida var det óg vanleg med to sett finklede. Ein pynta seg til overhøyringsgudstene- sta helga før konfirmasjonen.

Opplegget for konfir- masjonsundervisninga har endra seg med åra. Me vart delt inn i små- grupper. Mange møttest i heimar rundt i dalen. Gruppa vår var på kyrk- jekontoret. Me fekk kon- firmantbøker til hjelp i undervisninga. Boka

heitte Utgangspunkt. Det var om ei kon- firmantjente og ein to år eldre gut som skreiv brev til kvarandre. I breva tok dei opp ulike aktuelle tema i tida, ting ungdo- mar lurar på. Til timane hadde me lekse i å lese to brev til kvar time, eit frå ho og svaret frå han. Det vart utgangspunkt for samtalen på gruppa. Me var godt drilla i å dis- kutere frå skulen. Elles skulle alle i løpet av kon- firmantåret lesa gjennom heile Markusevangeliet på 16 kapittel. Det var ikkje noko kontroll så vidt eg kan hugse, men eg likte å få lese bibeltekstar i ei len- gre samanheng. På same måten som no skulle vi gå på 8 gudstenester. Vi måtte pugge tekstar som Fader Vår, truedkjennin- ga, boda og den vesle bible- len. Dette vart me høyrte i på overhøyringsgudste- nesta. Eg var kristen, og for meg var det fint å gå på gudstenester og delta i nattverden for første gong. Det var det ikkje alle som gjorde.



50-årskonfirmant: Sokneprest Edvard Bø er kome i den alderen at han kan feira 50-års jubileum som konfirmant.

Korleis var det å vere ung på 70-talet? Det var i hip- pie-tida som starta med ungdomsopprøret i '68 i Paris. Eg sjølv var ikkje så hippie-aktig, men det var no litt fylde og lengde på håret, og slengbukser måtte det vere. Det var mykje god og spennande musikk, og eg fylgde godt med på «10 i skud-

det» på radioen. Klassen kunne vere ganske tøff å ha med å gjera for en- kelte lærarar. Med skam å melda var det ein mat- telærer som ikkje klarte å halde ro i klassen. Den terga han opp til at han brakk både tavlepas- saren og tavlelinjalen. Ungdomane var aldeles ikkje noko betre på den



**NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ**

Ditt lokale
gravferdsbyrå

AVD. VAKSDAL
ALLTID HER FOR
deg



Ann-Elin M. Gullbrå



Marit M. Alvheim

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam



DALETEC

DALETEC

tida, heller tvert imot. Det var fast røykekrok på skulen. Men nokre av oss likte å spele kortspillet bridge i friminutta.

I 1972 var det ei stort tenåringstreff i Bergen med ungdomar frå heile landet i regi av KFUM og KFUK. Det var samla kring 3500 ungdomar for å lære om Jesus og elles ha det moro med mykje song og musikk. Eg var ikkje med, men om hausten 72 starta eg i korret Bergen Ten Sing som øvde i Ynglingen i Bergen sentrum. Dette var under Jesusvekkinga, dei kristne blomsterbarna kan me seia. Det vart ei god og spanande oppvekst i eit godt og utfordrande kristent ungdomsmiljø. Me song mykje amerikanske gospelsongar, me drog på leirer og songturnear både i inn og utland. I helgane gjekk me på gospelnight i Korskirken der det var stappfullt med ungdomar.

Då eg kom på gymnaset, vart me samla i frå mange ulike kristne miljø i heile Bergen, og arrangerte egne midt-timeandaktar. Me lærte oss å leve

med ei frimodig tru på Jesus. For meg var konfirmantåret altså starten på ei tid der eg fekk veksa i trua, og fekk mange gode vener som har fylgd meg gjennom livet. Fleire av ungdomane som var nokre å eldre enn meg vart gode førebilete. Det var trygge leiarar, og dei støtta meg når eg i 1977 byrja å studere teologi i Oslo for å bli prest. På denne måten er minna tilbake ikkje berre til konfirmasjonen, men til heile 70-talet som var ei viktig brytningstid der mange av dei som i dag er prestar og kyrkjeleiarar, fekk den grunnleggjande innføring i trua og det å leve som ein kristen i ei moderne tid. KFUM-rørsla har i sitt motto å ha eit arbeid for born, unge og vaksne der programmet skal nærre «ånd, sjel og legeme». Altså trua har med heile mennesket å gjera. Dei tankane har vore med meg i heile prestegjeringa som eit godt ideal for tenesta. Eg har mykje å takka for når 50 år er gått sidan eg stod konfirmant i 1972.

Edvard Bø

tovi
Elektro

Tlf. 417 94 104

E.post: tommy@tovielektro.no

DET SKJER I BEDEHUSA

VAKSDAL BEDEHUS

Storsamlingar søndag kl. 11.00

18. september Talar: Leiv Nesheim

9. oktober Talar: Christian Skoge

30. oktober Talar: Odd Sverre Hove

20. november Talar: Asle Hetlebakke

Søndagsskule i bedehuskjellaren

Dei same søndagane kl. 11.30

DALE BEDEHUS

Onsdag 19. oktober kl. 19.00:

Møte ved Vegard Hetlebakke

Laurdag 29. oktober kl. 16.00:

BASAR! Andakt ved Anita Solbakk

Laurdag 19. november kl. 18.00

Søndag 20. november kl. 18.00

BIBEL-HELG ved Asle Hetlebakke

STANGHELLE BEDEHUS

Onsdag 21. september kl. 19.00:

Møte ved Odd Sverre Hove

Onsdag 2. november kl. 19.00:


Møte ved Reidun Skurtveit

Onsdag 7. desember kl. 19.00:

Møte ved Christian Skoge

Flygelet er på plass - men ikkje finansieringa

Takk for alle gaver til Vaksdal kyrkje!



- Vipps 137194
- Bankkonto
3530.23.95746
- Kyrkjebøsser bak
i kyrkjerommet



TOMME-
STOKKEN BYGG AS

**Vi har stillas
med hengar til leige.
Telefon 481 44 680**

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

ATLANTIS
VVS & INTERIØR

Din lokale rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00



 **eviny**

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.



STEINRIKET
DALE AS

• Navntilføyer • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting


Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

Sæterdal
Elektro

**Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 565943 00**

 **SparebankenVest**
– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



**Alt innan
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739

post@falkangerbygg.no

IdEHUS
BYGGER PÅ GODE IDÉER

**Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus**
Sjå Idehus.no

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

Vangen
Elektriske

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

• Elektro svak- og sterktraum
• Alarmanlegg
• Teleinstallasjonar
• Brannvarsling
• Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

• Selskap
• Levering av mat
• Minnesamvære

Tlf. 93 213 213

SLEKTERS GANG



DØYPTTE

Dale
 18.06 Noelle da Costa Kjøndal
 19.06 Emil Birkeland Strand
 19.06 Jonah Tyssen Johansen
 14.08 Kevin Nottveit Stanghelle
 14.08 Tobias Nottveit Simmenes

Stamnes

19.06 Ariel Lilletvedt
 07.08 Ada Faugstad Langeland

Vaksdal

05.06 Arian Aga Larsen
 05.06 Sander Jørgensen Lunde
 11.09 Aksel Røen Gundersen



VIGDE

Dale
 19.06 Elin Tyssen og Ruben Johansen

Nesheim

02.07 Hanna Gullbrå og Thor Olav Frette

Vaksdal

20.08 Irene Sætre og Johannes Bruntveit

Stamnes


18.06 Silje Bruvik og Joakim Sørensen Eide



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Bergsdalen	22.07	Marta Skjerven	1922
Dale	15.06	Randolf Bjarne Rønhovde	1935
	30.06	John Normann Birkeland	1932
	09.07	Bjarne Martin Verpelstad	1932
	24.07	Anna Styve	1923
	02.08	Irene Amanda Rønhovde	1926
	11.08	Ragnhild Brattebø	1933
	24.08	Hjørdis Birkeland	1931
	27.08	Olaug Marie Erdal	1932
Eidsland	25.06	Inga Oline Møster	1930
	16.08	Elin Eide	1965
Eksingedalen	24.06	Reidun Aud Nesheim	1928
	03.07	Aage Lavik	1932
Stamnes	14.06	Hallstein E Leiren	
	24.07	Ann-Elise Leiren Rustand	1941
	29.07	Hildur Simmenes	1926
	20.08	Osvald Solheim	1927
Vaksdal	11.06	Ingeborg Audestad	1927
	23.07	Aase Rigmor Krogsrud	1939
	05.07	Ingrid Stavenes	1929
	26.07	Arnfred Magnar Bruvik	1937
	06.08	Roald Utskott	1943
	11.08	Albert Tolås	1926
	26.08	Erling Rongved	1928
	30.08	Borgny Helene Boge	1946



Vaksdal

BLOMSTER OG
 BEGRAVELSESBYRÅ

-DITT LOKALE BYRÅ SIDEN 1984-

DØGNVAKT 56 59 74 70

- OMSORG VED LIVETS SLUTT -

POST@VAKSDALBEGRAVELSE.NO WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO TLF. 911 79 766

BLOMSTERBESTILLING 55 19 72 05



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 18. september - 15. søndag i treeiningstida
 EIDSLAND KAPELL kl. 11.00.
 Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 25. september - 16. søndag i treeiningstida
 NESHEIM KYRKJE kl. 11.00.
 Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.
 DALE KYRKJE kl. 16.00.
 Ung Messe. Bø, Kvamsøe og konfirmantane som har vore på leir. Nattverd.

Søndag 2. oktober - 17. søndag i treeiningstida
 VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.
 Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 9. oktober - 18. søndag i treeiningstida
 EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00.
 Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi

Søndag 16. oktober - 19. søndag i treeiningstida
 DALE KYRKJE kl. 11.00.
 Gudsteneste med konfirmantjubileum. Kvamsøe. Nattverd.
 STAMNES KYRKJE kl. 11.00.
 Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 23. oktober - 20. søndag i treeiningstida
 VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.
 Gudsteneste med konfirmantjubileum. Bø. Nattverd
 BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00.
 Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 30. oktober - Bots- og bøneda
 EIDSLAND KAPELL kl. 15.00.
 Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 6. november - Helgemessesøndag
 NESHEIM KYRKJE kl. 11.00
 Familiegudsteneste og Tårnagenthelg. Bø og Normann.
 Nattverd. Kyrkjekaffi.
 DALE KYRKJE kl. 16.00.
 Minnegudsteneste for Bergsdalen, Vaksdal og Dale. Kvamsøe.
 Sjå eigen omtale i Kyrkjebladet.

Søndag 13. november - 23. søndag i treeiningstida
 STAMNES KYRKJE kl. 11.00.
 Familiegudsteneste. Bø og Normann. Bønevandring med nattverd. 4-åringane er innbedne for å få bok. 10-åringane er innbedne for å få Nytestamente. Kyrkjekaffi.
 DALE KYRKJE kl. 16.00.
 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Bønevandring med nattverd. 4-åringane er innbedne for å få bok. Kyrkjekaffi.
 VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00.
 Familiegudsteneste. Bø og Normann. Bønevandring med nattverd. 4-åringane er innbedne for å få bok. 10-åringane er innbedne for å få Nytestamente. Kyrkjekaffi.
 Søndag 20. november – Domssøndag/Kristi kongedag
 Ingen gudstenester i Vaksda

*Sjå og annonsar i lokalavisa same veka, plakatar,
 og på kyrkja.no/vaksdal
 Der står det og kva tid det er høve til å ha dåp.*



Bunad og stakkastove as
ny bunad
omsøm
bunadsølv
tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00
Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen
www.bunadogstakkastove.no